

Nils Arne Solvik
Sæls Vei 33b
5173 LODDEFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8697 - 23/14813

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
14.03.2023

Løyve til utslepp av avløpsvatn - Minireinseanlegg - gbnr 58/96 Lygren indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 211/23**
Byggestad: Gbnr: 58/96
Tiltakshavar: Nils Arne Solvik
Ansvarleg søker: Stendal Vvs As
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 58/96 Lygren indre på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent minireinseanlegg i reinsekasse A. Restutsleppet frå minireinseanlegget skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eideomen vert gitt for 5 pe.
3. Det skal til ein kvar tid liggja føre gyldig serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eideomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
7. Arbeida kan ikkje setjast i gang før det ligg føre godkjenning frå Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS for legging av leidning i sjø.
8. Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

- 9. Før avløpsanlegget takast i bruk må det ligge føre stadfesting frå montør, serviceavtale for drift og vedlikehald og koordinatar for plassering av anlegget.**

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr. 58/96 Lygren indre.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eide dommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 20.02.2023 og supplert 08.03.2023.

Planstatus

Eide dommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin areal del er definert som område for fritidsbusetnad.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i byggesaka, sak 22/4988. Det ligg ikkje føre merknad frå nabo.

Uttale frå anna styresmakt

Det ligg føre følgjande løyve datert 26.01.2023 frå Statsforvaltaren i Vestland:

Vedtak

Statsforvaltaren har vurdert tiltaket etter verneforskrifta § 5b og godkjener søknaden.

Føresetnaden er at tiltaket også er godkjent av kommunen etter forureiningsregelverket, og at det ikkje er i strid med gjeldande føringar etter plan- og bygningslova.

Eventuelle overskotsmassar og skrot som måtte følgje av tiltaket på land kan ikkje dumpast i sjøen.

Vedtaket gjeld utelukkande etter verneforskrifta og vedrører ikkje eventuelle privatrettslege tilhøve.

Det ligg ikkje føre uttale/løyve frå Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS for legging av leidning i sjø.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 20.02.2023.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Biovac FD5N GRP. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Serviceavtale ligg ikkje føre.

Om anlegget er avhengig av at det må tømmast for slam med jamne mellomrom, må avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil (ikkje overstig 8 meter).

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigedom, på gbnr. 58/96 Lygren indre. Utsleppsleidningen er lagt over gbnr. 58/4 fram til utsleppsstad. Det ligg føre samtykkeerklæring datert 06.03.2023 frå heimelshavar av eigedom gbnr. 58/4 for legging av VA leidning over denne eigedomen.

KOMMUNENS VURDERING AV SØKNADEN

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast når det vert sett krav til reinsing av utsleppet i biologisk/kjemisk reinseanlegg med utslepp til sjø.

Godkjenning etter andre lovverk

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søker, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

Arbeida kan ikkje setjast i gang før det ligg føre godkjenning frå Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS for legging av leidning i sjø.

GENERELL INFORMASJON

Mynde til å gjere vedtak i saka

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Du kan klage på dette vedtaket

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forureningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Anlegget er ditt ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Du må sette i gang innan tre år

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Kommunens tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/8697

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nils Arne Solvik
Stendal Vvs As

Sæls Vei 33b 5173
Blombakken 1 5911

LODDEFJORD
ALVERSUND